



# Fjord kommune

Fellestenestene

Klima- og miljødepartementet v/ avdelingsdirektør Jan Mathys Tryen  
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

**Vår ref.**

25/1092//ALOU/41867822

**Dykkar ref.**

**Dato:**

23.09.2025

## Høyringssvar til NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov

**Dykkar referanse: 25/1428**

Viser til telefonsamtale den 28.08.25 mellom ordførar i Fjord kommune Terese Jemtegård Moen og avdelingsdirektør i Klima- og miljødepartementet Jan Mathys Tryen der det vart avtalt at det er greitt at Fjord kommune leverer høyringssvar til Kulturmiljølova etter at kommunen har behandla saka politisk i formannskapsmøte 18. september 2025.

Formannskapet i Fjord kommune har 18.09.25 vedteke å sende følgjande høyringssvar til NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov:

Fjord kommune viser til høyring vedkomande NOU 2025:3 og har følgjande merknader:

- Fjord kommune forventar at ein i det vidare arbeidet må tydeleggjere kva konsekvensar dette vil få slik at det kommunale planmynde kan ivaretaast på ein god måte og at kommune og utbyggjar får føreseielege rammer.
- Fjord kommune antar at den utvida fredningsrensa som er skissert vil medføre fleier arkeologiske undersøkingar og soleis auka kostander for utbyggjar. Fjord kommune vil her vise til Asker kommune sitt høyringssvar som peikar på behovet for å utgreie ei ordning der det offentlege ikkje krev betaling for sjølvje registreringa. Fjord kommune meiner og at kostnadane ved utgraving i kommunar i distriktzone 5 og 6 skal dekkast av staten.
- Fjord kommune støttar ambisjonen om å ta vare på kulturmiljø og verdsarv. Samstundes er det avgjerande at dette skjer på ein måte som ikkje svekkjer lokaldemokratiet. Plan- og bygningslova må framleis vere hovudverktøyet for samfunnsplanlegging, og kommunal planmynde må respekterast.
- Ei ny kulturmiljølov må ikkje gje statlege eller regionale styresmakter utvida høve til å overprøve kommunale planar, særleg ikkje i verdsarvområde der det allereie ligg mange restriksjonar. Verdsarvomsyn må balanserast mot behovet for lokal verdiskaping og utvikling. Nye heimlar for freding og områdevern må ikkje bli til uforholdsmessige avgrensingar for lokalsamfunna.

Saksframlegg er vedlagt.

Med helsing

Alexander Oudijk  
konsulent

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke handskriven signatur.*

Kopi til:  
Bjørn Inge Ruset  
Terese Jemtegård Moen

|          |                   |
|----------|-------------------|
| Vedlegg: |                   |
| Dok.nr   | Tittel på vedlegg |
| 1473726  | Ny kulturmiljølov |



## Saksframlegg

### Ny kulturmiljølov

| Saksnr. Utval | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
| 079/25        | Formannskapet | 18.09.2025 |

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune viser til høyring vedkomande NOU 2025:3 og har fylgjande merknader:

- Fjord kommune forventar at ein i det vidare arbeidet må tydeleggjere kva konsekvensar dette vil få slik at det kommunale planmynde kan ivaretaast på ein god måte og at kommune og utbyggjar får føreseielege rammer.
- Fjord kommune antar at den utvida fredningsrensa som er skissert vil medføre fleier arkeologiske undersøkingar og soleis auka kostander for utbyggjar. Fjord kommune vil her vise til Asker kommune sitt høyringssvar som peikar på behovet for å utgreie ei ordning der det offentlege ikkje krev betaling for sjølve registreringa. Fjord kommune meiner og at kostnadane ved utgraving i kommunar i distriktzone 5 og 6 skal dekkast av staten.
- Fjord kommune støttar ambisjonen om å ta vare på kulturmiljø og verdsarv. Samstundes er det avgjerande at dette skjer på ein måte som ikkje svekkjer lokaldemokratiet. Plan- og bygningslova må framleis vere hovudverktøyet for samfunnsplanlegging, og kommunal planmynde må respekterast.
- Ei ny kulturmiljølov må ikkje gje statlege eller regionale styresmakter utvida høve til å overprøve kommunale planar, særleg ikkje i verdsarvområde der det allereie ligg mange restriksjonar. Verdsarvomsyn må balanserast mot behovet for lokal verdiskaping og utvikling. Nye heimlar for freding og områdevern må ikkje bli til uforholdsmessige avgrensingar for lokalsamfunna

#### Formannskapet 18.09.2025:

##### Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 7 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 2

**Mot:** 0 stemmer (0%)

##### FS- 079/25 Vedtak:

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune viser til høyring vedkomande NOU 2025:3 og har fylgjande merknader:

- Fjord kommune forventar at ein i det vidare arbeidet må tydeleggjere kva konsekvensar dette vil få slik at det kommunale planmynde kan ivaretaast på ein god måte og at kommune og utbyggjar får føreseielege rammer.
- Fjord kommune antar at den utvida fredningsrensa som er skissert vil medføre fleier arkeologiske undersøkingar og soleis auka kostander for utbyggjar. Fjord kommune vil her vise til Asker kommune sitt høyringssvar som peikar på behovet for å utgreie ei ordning der det offentlege ikkje krev betaling for sjølve registreringa. Fjord kommune meiner og at kostnadane ved utgraving i kommunar i distriktzone 5 og 6 skal dekkast av staten.
- Fjord kommune støttar ambisjonen om å ta vare på kulturmiljø og verdsarv. Samstundes er det avgjerande at dette skjer på ein måte som ikkje svekkjer lokaldemokratiet. Plan- og bygningslova må framleis vere hovudverktøyet for samfunnsplanlegging, og kommunal planmynde må respekterast.
- Ei ny kulturmiljølov må ikkje gje statlege eller regionale styresmakter utvida høve til å overprøve kommunale planar, særleg ikkje i verdsarvområde der det allereie ligg mange restriksjonar. Verdsarvomsyn må balanserast mot behovet for lokal verdiskaping og utvikling. Nye heimlar for freding og områdevern må ikkje bli til uforholdsmessige avgrensingar for lokalsamfunna

### **Sakgrunnlag:**

22. juni 2022 vart det sett ned eit kulturmiljølivutval som ga si innstilling til Klima- og miljødepartementet 24. mars 2025.

Sjå linke: [NOU 2025: 3 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

### **Saksopplysningar:**

Kulturmiljølovutvalet kom i utgreiinga med eit framlegg til ny lov om kulturmiljø. Utvalet føreslår i stor grad å vidareføre dagens regler, men føreslår mellom anna å flytte grensa for automatisk freding nærare fram i tid. Fredingsheimlane blir samla til ei felles føresegn, og utvida til òg å gjelde lause kulturminne, og transportminne, som biler, fly, tog og andre framkomstmiddel. Utvalet føreslår òg ny heimel for fylkeskommunen og Sametinget til å vedta forenkla freding. I arbeidet med den nye kulturmiljølova har utvalet mellom anna lagt vekt på å utforme ei enklare og meir oversiktleg lov med fleire fleksible og felles føresegner.

Fjord kommune merkar seg at lovframlegget utvidar fredingsheimlane i høve til dagens regelverk. Vi er usikre på korleis desse heimlane vil verke saman med plan- og bygningslova, og kva konsekvensar dei kan få for lokaldemokratiet og kommunal planmynde. Vi ber departementet tydeleggjere dette i det vidare arbeidet, slik at kommunar og utbyggjarar får føreseielege rammer. På kulturmiljøområdet er prinsippet om at «den som forureinar skal betale» lovfest som ei operativ føresegn i kulturminnelova § 10, der hovudregelen er at det er tiltakshavaren som må betale for naudsynte arkeologiske undersøkingar i saker om løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturmiljø og ved utarbeiding av reguleringsplan.

Fjord kommune vil understreke at både offentlege og private aktørar, særleg i distriktskommunar med låg lønnsemd på utbyggingsprosjekt, er sårbare dersom nye fredingsføresegner fører til auka kostnader eller forseinkingar. Den utvida fredningsgrensa vil gjere at fleire tiltak utløyser krav om arkeologiske undersøkingar, noko som kan gje auka kostnader for tiltakshavarar – både offentlege og private. Kommunane vil merke dette særleg i område der det er sannsynleg å finne kulturlag frå 1850 eller tidlegare, sida grunnen då skal undersøkast arkeologisk. Fjord kommune gjer som Asker kommune og støttar anbefalinga om å utgreie ei ordning der det offentlege ikkje krev betaling for sjølve registreringa. Fjord kommune vil legge til at vi også ønsker at det offentlege skal dekkje kostnader for utgravingar i kommunar i distriktssone 5 og 6, der tiltakshavar (offentleg og privat) ikkje har mulegheit til å dekkje inn desse kostnadane i utbyggingsprosjekt.

I kapittel 30 Verdsarv s 353 vert det drøfta om ansvaret for den norske verdsarven bør regulerast nærare i den nye kulturmiljølova. Fjord kommune støttar målet om å ta vare på kulturmiljø og verdsarv. Samstundes er det avgjerande at dette skjer på ein måte som ikkje svekkjer

lokaldemokratiet. Plan- og bygningslova må framleis vere hovudverktøyet for samfunnsplanlegging, og kommunal planmynde må respekterast. Ei ny kulturmiljølov må ikkje gje statlege eller regionale styresmakter utvida høve til å overprøve kommunale planar, særleg ikkje i verdsarvområde der det allereie ligg mange restriksjonar. Verdsarvomsyn må balanserast mot behovet for lokal verdiskaping og utvikling. Nye heimlar for freding og områdevern må ikkje bli til uforholdsmessige avgrensingar for lokalsamfunna.

Lova må utformast slik at ein tek omsyn til matproduksjon, eigedomsforvaltning og lokal næringsutvikling på ein betre måte.

**Konsekvenser for:**

Økonomi-  
Miljø-  
Barn og unge-  
Folkehelse-  
Beredskap-  
Likestilling-  
Samfunnsdelen-

**Saksvurdering og konklusjon:**

Fjord kommune ber om at merknadane vert tatt med i det vidare arbeidet med ny kulturmiljølov.

Bjørn Inge Ruset  
kommunedirektør